

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FE-223	23/158

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/23	Formannskapet	PS	06.06.2023

Handsaming av søknader om stønad frå Fedje kommune sitt dugnadsfond

Saksutgreiing:

Bakgrunn Vilkår for tildelinga av kulturmiddlar går fram av vedtaket frå 2019 (K 097/19):

[...] DUGNADSFOND Det vert oppretta eit dugnadfond på kr.50 000,-. Dekning/finansering er reduksjon av overføring til investering. Tildelingar vert avgjort av formannskapen etter søknad. Ein skal informere om fondet på heimesida til Fedje kommune. Ein kan dele ut middlar til eldsjelar, grupper, lag som ynskjer å oppgradere eller restaurere nærmiljøanlegg, tursti, leikeplassar, og anna. Arbeidet skal vere dugnadsbasert medan fondet vert nytta til å dekke materialutgifter. [...]

Saksopplysningar

Det er kome inn to søknader til handsaming:

Utdrag frå søknad frå Fedje idrettslag vedkomande stønad til Fiskefestivalen 2023:

Laurdag 1.juli arrangerer Fedje idrettslag nok ein gong fiskefestival på Fedje. Som dei siste åra eit utvida arrangement med program fredag og laurdag. I den samanhengen søker vi om kr. 7500,- i økonomisk stønad. Det er tiltenkt at ein ev. stønadssum vil gå til premiar. Vi håper på positivt svar, og vil også nytta høvet til å takka Fedje kommune for stønad i forbindning med tidlegare arrangement!

Utdrag frå søknad frå Fedje landhandlier:

På samme måte som for 2022 søkeres det med dette om støtte fra dugnadsfondet til enkel oppgradering av uteområder ved fergeleiet/Stenborgkaien oppad til kr. 5000,- ihht. fremlagte kvitteringer.Oppgraderingen vil bestå av i vedlikehold av benker og bord, blomsterkasser ved "Velkommen heim" - skiltet, tønne ved lysmast, samt lett beplantning i blomsterkasser, tønne og på plenen foran landhandleriet.Vi håper på en positiv behandling av søknaden.

Vurdering

Folkehelse

Ikkje vurdert.

Miljø

Ikkje vurdert.

Økonomi

Det er sett av 50000 kr til dugnadsfondet for 2023



Konklusjon

Forslag til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Formannskapet - 031/23

F - behandling:

Forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Fedje Landhandleri får 5000 kr. til oppgradering av uteområdet rundt ferjekaien. Fedje formannskap gjer Fedje Landhandleri merksemrd på at dognadsfondet ikkje er tiltenkt private verksemder på Fedje.

Fedje Idrettslag får 7500 kr. til gåver til Fiskefestivalen 2023.

F - vedtak:

Fedje Landhandleri får 5000 kr. til oppgradering av uteområdet rundt ferjekaien. Fedje formannskap gjer Fedje Landhandleri merksemrd på at dognadsfondet ikkje er tiltenkt private verksemder på Fedje.

Fedje Idrettslag får 7500 kr. til gåver til Fiskefestivalen 2023.

Samrøystes vedteke.